

Høgsterettavgjerd i Molde kommune om kommunalt ansvar etter § 24 A

Tobias Dahle DISFVA i samarbeid med Bjarte Koppen
Molde kommune

Bergen 25 mars 2015

Rettstilstanden i høve til § 24 A i Forurensingslova

Skal gje ein oversikt over ulike rettsavgjerder dei siste åra med hovudvekt på ein dom i Høgsterett frå juni 2014 – Molde saka

Sentralt står altså § 24 A i Forurensingslova;

- *§ 24 a. (særlige erstatningsregler for avløpsanlegg). Anleggseieren er ansvarlig uten hensyn til skyld for skade som et avløpsanlegg volder fordi kapasiteten ikke strekker til eller fordi vedlikeholdet har vært utilstrekkelig.*

Avgrensing kommunalt ansvar

Ei rekke kommunar har innført Standard Abonnementsvilkår (Administrative og Tekniske bestemmelser)

- *Kommunen er uten ansvar for ulemper eller skader hos abonnenten (herunder leietaker, fester o. l.) eller på private vann- og avløpsanlegg eller sanitærinstallasjoner som skyldes svikt i vanntilførselen eller i avløpssystemet, herunder tilbakeslag fra offentlig avløpsanlegg, med mindre svikten skyldes forsettlig eller uaktsomt forhold fra kommunens side.*

Korleis blir desse to bestemmelsane vegd opp mot kvarandre – ja, det er det ei rekke rettsavgjerder på dei siste åra.

Stavanger dommen 2007

- Stavanger hadde innført Standard Abonnementsvilkår
- Eit kraftig regnskyll (større enn 10 år regnet som anlegga var dimensjonert for) medførte oppstuvning i nettet og skade på eigedommar
- Kommunen blei frikjent, såkalla force majeure – ei uføresett hending det ikkje kan takast høgde for
- Tilsvarende dom også i Fredrikstad i 2007, der gjentaksintervallet for nedbøren var større enn 50 år.

Altadommen 2011

- Kommunen hadde innført Standard Abonnementsvilkår
- Sand og grus førte til tilstopping av rist (januar måned). Flaumvatnet tok andre vegar og førte til skade på eigedommar
- Kommunen erkjente at skaden kunne vore unngått dersom vedlikehaldet hadde vore betre.
- Forsikringsselskapet søkte regress og kommunen tapte med knapt fleirtal (3-2 i Høgsterett)
- Grunngjevinga var at kommunen ikkje hadde høve til å fråskrive seg objektivt ansvar for manglande vedlikehald.

Moldesaka 2014 (1)

- Kommunen hadde innført Standard Abonnementsvilkår

Dei faktiske forholda;

- Ein stor stein hadde kome inn i avløpsnettet. Det er uvisst kor steinen kom frå. Dette førte til oppstuvning på nettet og inntrenging av avløpsvatn i kjellar
- Kjellaren var innreia – skaden blei taksert til 1.2 mill. kroner
- Abonnenten sitt forsikringssselskap søkte regress hos kommunen

Moldesaka 2014 (2)

- Kommunen ønska å akseptere dette kravet dvs betale ut 1.2 mill kroner. Inndekking kunne skje via avløpsgebyrbudsjettet
- Kommunen sitt forsikringselskap ønska å gjennomføre ei rettsleg avklaring på spørsmålet.
- Kommunen blei i Høgsterett (einstemmig) dømt til å betale motparten. Men partane må dekke kvar sine saksomkostningar
- Grunngjevinga er § 24 A i F- lova om objektivt ansvar, men og § 47 i Vannressurslova (pkt. d om objektivt ansvar for skade valda av vassleidningar)

Oppsummering av rettstilstanden pr 2015

Avveging av to omsyn

- Kommunen sitt ansvar etter § 24 A i F – lova og § 47 i Vannressurslova
- Kor mykje kan kommunen fråvike ved avtale (Standard abonnementsvilkår). Kommunane kan i alle høve ikkje stå fritt, dette ville medført undergraving av ansvaret kommunen har som anleggseigar.
- Stavangerdommen og Fredrikstaddommen er avgrensa til at fråskriving av ansvar for skader som følgje av uvanleg store nedbørsmengder.

Oppsummering av rettstilstanden pr 2015(2)

Følgjande moment kan medføre at kommunen går klar av erstatningskrav;

- Fråskrivning av ansvar ved force majeure, dvs gjentaksintervall for nedbøren/flaumen er større enn anlegget er dimensjonert for.
- Det føreligg feil eller manglar på abonnenten sitt sanitæranlegg. Det kan t.d. vere at kravet til overhøgde på 90 cm mellom topp kommunal avløpsleidning og lågaste slukopning ikkje er oppfylt.

Oppsummering av rettstilstanden pr 2015(3)

Følgjande moment kan medføre at kommunen blir erstatningspliktig;

- Manglar ved kommunale anlegg lekkasjar, framandlegeme i leidningen etc
- Tilstopping av sluk/rist etc. Dette kan jo vere eit tøft krav med raske skifter i vertype slik vi har det her på vestlandet
- Dersom hendinga kan knytast til manglande vedlikehald av anlegga, vil anleggseigar(kommunen) truleg vere erstatningspliktig.